



BACHELOROPPGÅVE

**Er barnevernstjenesten i små kommunar
annleis enn i store?**

av

kandidatnummer 9
Anita Engebø Havnen

Barnevern
530
Mars 2007



HØGSKULEN I
SGN OG FJORDANE

Innhaldsliste.

<u>1.0 INNLEIING.</u>	<u>1</u>
<u>2.0 ROLLER OG ROLLETEORI.</u>	<u>3</u>
<u>3.0 METODISK TILNÆRMING.</u>	<u>5</u>
<u>3.1 INTERVJU MED EVA OG OLA.</u>	<u>6</u>
<u>3.2 MINE LITTERÆRE KJELDER.</u>	<u>8</u>
<u>4.0 UTFORDRINGAR FOR BARNEVERNET I SMÅ LOKALSAMFUNN.</u>	<u>9</u>
<u>4.1 KORLEIS KAN SOSIALKONTROLL VERE EI UTFORDRING I EIT TETT SAMFUNN?</u>	<u>9</u>
<u>4.2 KORLEIS KAN OVERSKUDSINFORMASJON PÅVERKE FORHOLDET MELLOM BRUKAR OG HJELPAR I TETTE SAMFUNN?</u>	<u>12</u>
<u>4.3 KORLEIS KAN NÆRLEIKEN TIL BRUKARANE VERE EI UTFORDRING?</u>	<u>13</u>
<u>4.4 DOBBELTROLLA SOM HJELPAR OG KONTROLLØR.</u>	<u>15</u>
<u>5.0 ER BARNEVERNET I SMÅ KOMMUNAR ANNLEIS ENN I STORE?</u>	<u>16</u>
<u>5.1 GEOGRAFISKE OG RESSURSMESSIGE UTFORDRINGAR.</u>	<u>16</u>
<u>5.2 SPESIALIST ELLER GENERALIST?</u>	<u>18</u>
<u>6.0 KORLEIS KAN EIN LØYSE NOKRE AV UTFORDRINGANE BARNEVERNSTENESTANE STÅR OVANFOR?</u>	<u>20</u>
<u>6.1 OMORGANISERING AV BARNEVERNSTENESTEN.</u>	<u>20</u>
<u>6.1 INTERKOMMUNALE SAMARBEID.</u>	<u>21</u>
<u>6.2 SAMLOKALISERING.</u>	<u>23</u>
<u>7.0 OPPSUMERANDE KOMMENTAR.</u>	<u>23</u>

1.0 INNLEIING.

I følgje Moe (1998) har over halvparten av kommunane i Noreg mindre enn 3000 innbyggjarar. Dette fører til at barnevernet arbeider annleis i små kommunar enn i store. Utfordingane er mange, til dømes veit alle kven du og familien din er, dei små lokalsamfunna kan vere prega av sosialkontroll og ein kan risikere å vere den einaste ansatte innanfor barnevernet i ein kommune.

Problemstillinga eg har valt meg er: kva utfordringar kan ein møte ved å arbeide i små lokalsamfunn, og korleis kan ein løyse nokre av desse utfordringane? For å gjere oppgåva meir oversikteleg har eg delt problemstillinga inn i tre underspørsmål som eg seinare skal drøfte i analysen:

- Kva utfordringar kan ein møte som barnevernspedagog i eit lite samfunn?
- Fungerar barnevernet i små kommunar annleis enn i store?
- Korleis kan ein løyse nokre av desse utfordringane?

Det første eg skal gjere i oppgåva er å gjere greie for begrepa roller, rollekonflikt, rollestress og rollesett. Eg nyttar her rolleteori frå Aubert og Goffman, og dette blir mitt analytiske pespektiv.

Deretter vil eg gjere greie for mitt metodiske utgangspunkt for oppgåva. Eg har intervjuat to personar, Eva og Ola, og i oppgåva skal eg greie ut om kvalitativ metode og intervju mine. I oppgåva måtte eg supplere empirien min med litteratur, dermed har eg også gjort ein litteraturstudie. Årsaka til at eg valte å gå igjennom mitt teoretiske perspektiv i oppgåva før metodiske refleksjonar er at eg brukte rolleomgrepet i intervjuet med mine informantar. Dette er noko som igjen kan ha påverka datainnsamlinga mi.

Etter metodediskusjonen skal eg drøfte nokre av dei største utfordringane innanfor barnevernet i små kommunar. Mitt fokus er på kva utfordringar dette relasjonar mellom brukar og hjelpar kan skape i lokalsamfunn. Vidare i analysedelen skal eg diskutere dei geografiske og ressursmessige utfordringane, før eg skal drøfte kva som gjer det annleis å arbeide i små kommunar innanfor barnevernet enn i store, då skal eg bruke begrepssparet generalist-spesialist kommunar. Avslutningsvis i oppgåva skal eg drøfte kva løysningar ein kan ha på utfordringane som små barnevernstestestar strir med. Her fokuserar eg først og fremst på korleis organisering av barnevernstestesten kan vere ein faktor som kan redusere utfordringane for dei små barnevernstestene.

Eg vil seie at fokuset i oppgåva ligg på kapittel 4 og 5, det vil seie kapitla der eg drøftar utfordringane for barnevernet i små kommunar og forskjellar mellom barnevernstenesten i store og små kommunar. Når eg intervjua informantane mine var det desse emna eg fekk mest empiri om og dette er eit fokus eg har hatt gjennom heile prosessen.

No skal eg først sjå på roller og rolleteori og korleis det kan vere eit verktøy for å vidare greie ut om utfordringar for barnevernet i små lokalsamfunn.

2.0 ROLLER OG ROLLETEORI.

I oppgåva skal eg sjå på små lokalsamfunn i eit mikroperspektiv. Det vil seie at eg vil sjå på sosiale relasjoner mellom enkelt individ og små grupper. Dette i motsetning til eit makroperspektiv der ein fokuserar på eit overordna nivå eller eit samfunnsnivå (Schiefloe, 2003). Det er naturleg å nytte eit interaksjonistisk perspektiv på roller og rollekonflikter, og eg skal i hovudsak bruke rolleteori til å belyse problemstillinga mi.

Schiefloe (2003) definerar interaksjon som samhandling. I følgje Levin og Trost (2005) innebærer samhandling at minst to mennesker blir oppmerksomme på kvarandre og blir stimuli for kvarandre i ein prosess av interaksjon og kommunikasjon. Det vil med andre ord seie at eit interaksjonistisk perspektiv handlar om å sjå på samhandling og korleis vi forholder oss til kvarandre. Goffman (1992) definerte interaksjon som den gjensidige innflytelse personar har på andres handlingar når dei befinner seg i deira umiddelbare fysiske nærver. I følgje han kunne ein og bruke betegnelsen "eit møte" på ein interaksjon. I oppgåva mi skal eg sjå på utfordringane med å vere barnevernspedagog i små samfunn, noko som i stor grad handlar om nettopp samhandling og relasjoner.

Aubert i Haugland (2000) definerer rolle som summen av dei forventingane som knytter seg til ei bestemt oppgåve eller ein posisjon. Schiefloe (2003) definerar ein posisjon som den plassen i det sosiale systemet som ein person innehar. Vi har alle ulike posisjonar som det er retta forventningar mot, dermed får vi og fleire roller. Om vi ser dette i høve problemstillinga kan vi seie at ein som barnevernspedagog har mange ulike forventningar retta mot seg, dermed får ein og fleire roller. Ein har forventingar retta mot seg både som del av ei gruppe av yrkesutøvarar og som enkelt person. I små lokalsamfunn vil mange roller vere synlege på same tid, ein kan til dømes ha rolla barnevernspedagog og samstundes vere mor, dotter og kone.

Rolleforventningane vi har retta mot oss kan bli styrande for åtferd. Dersom vi lever opp til rolleforventningane kan vi bli møtt med positive reaksjonar, men dersom vi ikkje

greier å leve opp til forventningane kan vi bli møtt av negative sanksjonar (Schieffloe 2003).

Vi vil ofte etterstrebe åtferd som vert positivt bekrefta. Små samfunn kan vere prega av normer og reglar som det kan vere vanskeleg å gå på tvers av. Dersom du som barnevernspedagog i eit lite samfunn gjennomfører ein omsorgsovertakelse kan både du og familien din bli møtt med negative sanksjonar, som vondsinna rykter og snakk.

Som innehavar av ei bestemt rolle kan ein møte ulike forventningar frå ulike aktørar, då får ein og fleire roller knytta til same posisjon. I posisjonen barnevernspedagog har ein ei rolle som både hjelpar og kontrollør. Dette blir gjerne omtala som eit rollesesett, og dersom dei ulike forventningane ikkje kan foreinast blir det betegna som rollestress. Det vil seie at det ligg ei konflikt i korleis du vel å uforme rolla (Aubert 1964). Dobbelt rolla som hjeloar og kontrollør kjem eg til å ta nærmare opp i kapittel 4.3.

Schieffloe (2003) skriv at ein og kan møte motstridande forventningar til dei ulike rollene ein har, noko som kan beteknast som ei rollekonflikt. Til kvar rolle er det kopla forventingar eller normer om korleis rolle innehavaren skal eller bør oppføre seg, og korleis han ikkje bør oppføre seg (Trost og Levin, 2005). Ein kan seie at rollekonflikter er konflikter mellom alle dei ulike rollene ein har, medan rollestress er konflikt mellom forventingane som er retta mot ei rolle.

Eksempel på rollekonflikter ein kan komme bort i som barnevernspedagog i eit lite samfunn er at ein av ungane du arbeider med kan vere bestevenn med ein av dine egne ungar, eller at foreldra i ein familie du arbeider med kan gå i same songkor som deg. Kva rolle har du då? Er du barnevernspedagog eller mor? Er du sosialarbeidar eller kor kollega? Korleis kan du foreine dei ulike rollene?

No skal eg sjå på kva Goffman seier om roller og samhandling. Goffman i Haugland (2000) ser interaksjon som eit drama som foregår på ei scene, han hevdar at aktørar i det sosiale livet er som skodespelarar på ei scene. Rollespel over tid skapar ein relasjon og vi vel korleis vi framstiller oss sjølve ovanfor andre. I høve problemstillinga mi kan ein seie at scena er det lille, tette lokalsamfunnet. Det på førehand fastlagte handlingsmønsteret som utfoldar seg under ein opptreden, og som kan presenterast eller spelast kan vi kalle ei rolle. Når ein person spelar same rolle for same publikum ved forskjellige anledningar over ein tidsperiode vil det etter all sannsynlighet oppstå et ein relasjon mellom dei (Goffman, 1992). Ein får til dømes ha eit sosialt forhold til brukarane fordi ein spelar barnevernspedagog rolla og møter dei fast over ei viss tid

Goffman meiner rolleinnehavaren velger ut og framstiller deler av seg sjølv i relasjonen til sitt publikum, som av rolleinnehavaren blir oppfatta som meir eller mindre

betydningsfullt. Goffman lanserte begrepa front-stage og back-stage som viser til at det kan forekomme open eller skjult atferd basert på ulike normer foran og bakom kulissane (Haugland, 2000). Tilgangen til front-stage og back-stage er kontrollert for å hindre at utanforståande slepp inn til ei opptreden som ikkje er mynta på dei (Goffman, 1992). På scenen framførast førestillinga for et publikum, bak scenen kan vi legge frå oss roller og fakter. Då er du til dømes front-stage på arbeid og back-stage når du er med familie og nære venner.

Eg vel å sjå på det som å jobbe som barnevernspedagog som eit rollespel der ein har ulike roller, rolleforventingar og opplever rollekonfliktar. Som barnevernspedagog i små kommunar søker ein å handtere dette på best mogeleg måte. Ein kan derfor seie at barnevernspedagogane spelar eit skodespel der ein tilpassar seg omgjevnadane med mål om å ivareta gode sosiale relasjonar på fleire ulike arenaar samstundes.

Eg har intervjuat to personar om det å vere barnevernspedagog i små samfunn. Problemstillinga mi og spørsmål knytt til roller og rolleforventningar var grunnlaget for desse intervjuata. Vidare i oppgåva skal eg no greie ut om metodar og kva metodar eg har brukt.

3.0 METODISK TILNÆRMING.

Tranøy i Dalland (2000) definerer metode som ein framgangsmåte for å bringe fram kunnskap eller for å etterprøve påstandar som framsettast med krav om å vere sanne, gyldige eller haldbare. Metode hjelper oss til å samle inn data, det vil seie den informasjonen vi treng til undersøkinga vår. Wadel (1991) definerer data som observasjon pluss omgrep, data er ein begrepsfesta observasjon. Når ein produserar data setter ein omgrep på ein observasjon, ein kan knytte teori til noko ein observerar. Data kan ein dele inn i primærdata og sekundærdata. Primærdata kan ein definere som nye data som blir samla inn av forskaren sjølv gjennom bruk av ein eller fleire innsamlingsmetodar. Sekundærdata er data er andrehandsopplysningars som er samla inn av andre. Det er data som eksisterar i ei eller anna form, og som er meir eller mindre tilgjengeleg (Halvorsen, 2004). I oppgåva mi vil eg nytte både primær og sekundær data.

For å innhente kunnskap har eg nytta to metodar; kvalitative intervju og litteraturanalyse, men fokuset mitt vil i hovudsak vere på det kvalitative intervjuet. Ved kvalitativ metode tar ein sikte på å fange opp meningar og opplevelingar som ikkje lar seg talfeste eller måle. Ein nyttar seg av kvalitative metodar for å få data som kan karakterisere eit

fenomen (Dalland, 2000). Dømer på kvalitative metodar er observasjon og kvalitative intervju.

Ein litteraturanalyse går ut på å knytte det tekstane framstiller til ulike emne. Ein spør kva fortolking av verkeligheten tekstane representerar, kven som uttalar seg, kva grunnar ein har for å uttale seg, kven teksten uttalar seg til og til slutt kva som er formålet med å uttale seg (Halvorsen, 2004).

Eit grunnleggande krav til vitenskaplege metodar er at dei skal gi truverdig kunnskap, dette betyr at krava til validitet og reliabilitet må vere oppfylt. Validitet står for relevans og gyldighet, det som blir undersøkt må vere relevant for problemstillinga (Dalland, 2000). Ein sikrar seg validitet i kvalitativ forsking ved å vere sakleg og påliteleg i sin bruk av metodar for datainnsamlinga og analyse av dataene (Halvorsen, 2004). Reliabilitet tyder pålitelighet, og for at ei datainnsamling skal vere pålitelig må den vere utført mest mulig korrekt. Dei data som eg henta inn i dei kvalitative intervjuia og i litteraturanalysen skal eg drøfte opp mot validitet og reliabilitet seinare i metodedelen.

No har eg greia ut om data, kva metode er og kva metodar eg har brukt i denne bacheloroppgåva. Vidare skal eg fortelje om dei kvalitative intervjuia eg har gjennomført.

3.1 Intervju med Eva og Ola.

Under prosessen med å finne problemstilling bestemte eg meg for å intervjuet nokon som arbeider i barnevernstenestar i små kommunar, dette for å få fleire data som eg kunne nytte i oppgåva. Kvale (1997) seier ein skal intervjuer så mange personar som er nødvendig for å finne ut det du treng å vete, men eg valte å ha få informantar på grunn av omfanget på oppgåva.

Eg har intervjuet ein nestleiar og ein leiar i barnevernstenestar i små kommunar på vestlandet. Eg har anonymisert alle opplysningane eg fekk gjennom intervjuet, og eg har valt ut namna Eva og Ola som eg vil bruke på informantane. Ola er barneversleiar i ein kommune med eit innbyggjartal på under 3000, medan Eva er nestleiar i ein interkommunal barnevernsteneste som består av fire kommunar med eit samla folketal på om lag 8000.

Før intervjuet laga eg ein intervjuguide utifrå den foreløpige problemstillinga mi. Ein intervjuguide inneheld emne som skal diskuterast i intervjuet, og kva rekkefølgje dei skal ha (Kvale, 1997). Mitt hovudfokus under intervjuet var blant anna på roller, synlighet i små samfunn og kva som gjer barnevernet i små kommunar annleis enn i store kommunar. Eg valte å ha eit halvstrukturert intervju. Kjenneteikna på ustrukturerte intervju er at intervjuet

har meir form som ein samtale og at det i stor grad er informanten som styrer intervjuet (Dalland, 2000).

Vidare skal eg sjå på kva metodiske problem eg møtte på under innsamlinga av primærdata, med andre ord kva hindringar som førte til at intervjeta ikkje blei slik eg hadde planlagt.

Når eg utarbeida intervjuguiden var eg fokusert på problemstillingar i høve til at som barnevernspedagog i eit lite samfunn blir du og familien din veldig synleg, og korleis ein bør verne om ein sjølv og familien sin. Under intervjeta kom det fram at Eva ikkje hadde born, men budde i regionen som omfatta den interkommunale barnevernstenesten. Ola derimot hadde born, men budde ikkje i kommunen han arbeidde i. På denne måten fekk eg aldri eit godt nok svar på spørsmåla om korleis ein verna om sin eigen familie i det tette lokalsamfunnet. I oppgåva supplerer eg med litteratur om desse emna i kapittel 4.

Eit anna metodisk problem eg støtte på var at Ola hadde mykje vanskelegare for å svare på mange spørsmåla enn Eva. Ho snakka veldig fritt om ulike problemstillingar, medan han meinte at mange av problemstillingane ikkje var så utfordrande dersom ein hadde jobba lenge innanfor barnevernet og hadde erfaring. Eva hadde på den andre sida lang erfaring frå barnevernet, så då bør det ikkje vere erfaring som førte til at han hadde vanskar med å diskutere nokre av problemstillingane. Det kan vere at eg lagde typiske kvinnelige eller mannlege spørsmål, men det kan og vere at Ola som person syns det var ubehageleg å snakke om familien sin ovanfor meg. Kvale (1997) påpeikar at intervjuaren bør innsjå at nokon mennesker er vanskelegare enn andre å intervju og sjå på det som si oppgåve å motivere og hjelpe med å tilrettelegge personens forteljingar. Under intervjuet følte eg på at eg ikkje fekk så god kontakt med Ola som eg hadde fått med Eva, og i etterkant ser eg at eg kunne engasjert meg meir for at intervjuet skulle bli betre. Til dømes kunne eg prøvd å i introdusere dei vanskelege problemstillingane på ein anna måte, vi kunne til dømes brukt meir eksempel og drøfta hypotetiske situasjonar slik at det ikkje blei så nært eller personleg.

For at kvalitative intervju skal vere valide og reliable er det viktig å unngå feilkjelder. Det vil seie at førebuingane før intervjuet, sjølve intervjuet og etterarbeidet må vere nøyaktig, påliteleg og feilfritt. Heile prosessen må med andre ord vere gyldig. Informanten kan til dømes oppfatte spørsmål feil, intervjuaren kan notere feil eller intervjuet kan bli skreve ut feil (Dalland, 2000). Dette er noko eg har prøvd å unngå, men det kan sjølvsagt vere feilkjelder eg ikkje har oppfatta eller er klar over.

3.2 Mine litterære kjelder.

Oppgåva mi er delt inn i tre delar der eg nyttar ulike litteraturkjelder til å svare på dei ulike underspørsmåla. Først går eg gjennom kva teoriar og teoretiske perspektiv eg skal nytte. Her nyttar eg Goffman og Aubert. Deretter nyttar eg empirien eg har innhenta saman med Haugland og Jørgensen, og analyserer den første delen av problemstillinga mi. Til slutt i oppgåva diskutere eg samarbeid og løysningar innanfor barnevernet, og her nyttar eg i hovudsak Lichtwark og Clifford. Eg vil no vurdere kjeldene og seie noko om deira reliabilitet og validitet.

I teoridelen greier eg ut om rolleteori og rollekonflikter, og ser det heile frå eit interaksjonistisk perspektiv. Teoretikaren eg nyttar mest i oppgåva er Goffman og ”boka rollespel til dagleg”, medan eg har supplert med Aubert og Goffman i Haugland. Eg har særskilt nyttar Goffman sitt perspektiv om å sjå på verden som ei scene, og korleis ein kan vere front-stage og off-stage. Goffman er først og fremst primærlitteratur fordi han bruker sine eigne kjelder og teoriar. Goffman i Haugland er på den andre sida sekundærlitteratur fordi Haugland har nyttar Goffman i tillegg til sin egen empiri og sine egne teoriar. Når Goffman er sekundærlitteratur betyr dette at Haugland har oppfatta Goffman på sin måte, og dette er noko som kan ha påverka oppgåva.

I analysedelen av oppgåva drøfter eg mine egne data saman med andre litterære kjelder. Kjeldene eg supplerte analysen min med var for det meste Haugland si ”Kommuneheks på slak linje” og Jørgensen si ”Her hos oss har vi ingen barnevernssaker”. Denne litteraturen gav både empiri og teori om korleis det er å vere barnevernspedagog i små lokalsamfunn, og om kva utfordringar det inneberer. ”Kommuneheks på slak linje” er ei blanding av primær og sekundærdata. Den er primærdata fordi Haugland har samla inn data sjølv, og sekundærdata fordi ho gjer greie for teori som er utvikla av andre. Det same gjeld for Jørgensens ”Her hos oss har vi ingen barnevernssaker..” som er ei hovudfagsoppgåve. Ho har intervjuat informantar, men nyttar og data som er samla inn av andre.

I oppgåva har eg brukt mykje av intervjudata til både Haugland og Jørgensen, både for å supplere min eigen empiri, og for å dekke tema der eg ikkje hadde eigen empiri. Mange av sitata og forteljingane i denne litteraturen er ferdig tolka og bearbeida. Eg kan ha tolka og oppfatta deira svar på ein annan måte enn forfattarane, og dette er noko eg tar forbehold om.

I den siste delen av oppgåva der eg drøftar ulike måtar å sjå løysningar på innanfor barnevernet, nyttar eg for det meste Lichtwark og Clifford si ”Samarbeid i barnevernet”. I

Lichtwark og Clifford er det data om samarbeid i barnevernet og om kva samarbeidsløysningar ein kan gjennomføre innanfor barnevernet. "Samarbeid i barnevernet" er og ei blanding av primære og sekundære kjelder, då dei viser til både sine eigne og andre sine forskingsprosjekt og deira resultat.

Forfattarane eg har brukt i oppgåva er anerkjente, når eg nyttar forfattarar som har mykje kunnskap om det å vere barnevernspedagog i små samfunn oppnår eg reliabilitet i oppgåva. Randi Haugland har tjueårs erfaring frå barnevernet og er utdanna sosionom og cand.polit. Grethe Jørgensen har på si side mangeårig erfaring frå barnevernet og har vert tilknytta barnevernets utviklingssenter i midt-noreg. Willy Lichtwarck er amenuensis i sosialpolitikk og planlegging ved høgskulen i Bodø, medan Graham Clifford er dr.philos og tilknytta barnevernets utviklingssenter i midt-noreg.

Det meste av hovudlitteraturen eg har nytta omhandlar den same problemstillinga som eg sjølv har for denne oppgåva, og eg kan på denne måten utifrå definisjonen av validitet slå fast at litteraturen er relevant og valid. Eg har brukt ein del litteratur frå nitti-talet og eg merksam på at statistikkar og opplysningars kan ha endra seg over tid, dette er noko eg tar forbehold om.

Eg vil no utifrå dei data eg har samla inn, både frå kvalitative intervju og litteraturstudium, drøfte kva utfordringar ein kan møte på når ein arbeider i barnevernet i ein liten kommune.

4.0 UTFORDRINGAR FOR BARNEVERNET I SMÅ LOKALSAMFUNN.

Det er annleis å jobbe innanfor barnevernet i dei små lokalsamfunna, enn i dei store byane. Kva utfordringar har dei kommunale barnevernstenestene i tette lokalsamfunn? Eg vil drøfte dette med utgangspunkt i dei roller og rollekonflikter som finst i tette samfunn og korleis dette kan påverke barnevernsarbeidet. I dette kapittelet vil eg drøfte utfordringar i høve det å vere sosialarbeidar i tette samfunn med sterk sosialkontroll, og dei rollekonfliktene ein kan komme bort i.

4.1 Korleis kan sosialkontroll vere ei utfordring i eit tett samfunn?

Det lille, tette samfunnet er i høg grad prega av at det enkelte menneske er synlig for dei fleste andre i alle sine aktivitetar og dessutan alltid har vert det (Christie 1982). Det er vanskeleg, om ikkje umogeleg å ha store hemmelighetar i et slikt samfunn. Eit gjennomsiktig

samfunn er positivt fordi ein veit kva som skjer og ein kan passe på kvarandre. Samstundes kan det vere negativt fordi ein ikkje kan vere anonym eller usynleg. Christie i Verland (1998) seier at det lille samfunnet er kjenneteikna ved at dei fleste kjenner kvarandre, er synlege for kvarandre og har omgang med kvarandre. Dette vil seie at alle rollene ein har i det tette samfunnet er synlege samsundes, både rolla som barnevernspedagog, mor eller far og kone eller ektemann. Dette er også utgangspunktet for sosial kontroll.

Sosial kontroll vil seie menneskers kontroll av andres åtferd gjennom normer og sanksjonar. Ei norm er ei forventning om riktig åtferd i bestemte situasjonar, til dømes er det forventa at ein takkar dersom du får ein presang. Dei reaksjonane ein får frå omgivnadane i høve åtferda i forhold til ei norm blir kalla sanksjonar, desse kan vere både positive eller negative. Døme på ein positive sanksjon kan vere ros, medan ein negativ sanksjon kan vere baksnakking (Schieflöe 2003). Vi kan seie at ein i små lokalsamfunn kan kontrollere andre ved å vere observant på om dei tilpasser seg dei gjeldande normene og utøve negative sanksjonar dersom dei ikkje følgjer normene i lokalsamfunnet. Ei undersøking visar at sosial kontroll og fråvær av toleranse kan prege tilværet i ein del mindre og gjennomsiktige samfunn (Jørgensen, 1993).

Korleis kan sosialkontroll vere ei utfordring for barnevernstenesten? Både mine informantar og informantane til Haugland (2000) og Jørgensen (1993) seier noko om dette. For det første kan det gjere til at omgjevnadane kvir seg for å melde til barnevernet. For det andre kan det vere vanskeleg for barnevernstenesten å innhente informasjon, og sist men ikkje minst kan det vere vanskeleg for brukarane når heile bygda veit at dei treng hjelp av barneveret. Desse utfordringane vil bli drøfta meir inngående i oppgåva i lys av det rollespelet som karakteriserer små samfunn.

Jørgensen (1993) seier at den sosiale kontrollen kan ha ei betydeleg innvirkning både på barnevernets arbeid og den enkeltes mulighet til å få den hjelpa dei treng. Dette gjeld først og fremst for brukarane som må leve med at mange veit at dei får hjelp av barnevernet, noko som kan føre til negative sanksjonar som sladder og baksnakking. Dette fordi det kan bli rekna som negativt å vere i kontakt med barnevernet, ein bryt reglane og normene i lokalsamfunnet. Dei kan til dømes oppleve at ungane blir mobba på skulen fordi familien har kontakt med barnevernet. For ungar som er i kontakt med barnevernet kan dette igjen gi ein meir omfattande problematikk. Dei som er avhengige av offentleg hjelp kan bli utsett for ulike utstøtningsmekanismar i lokalsamfunnet. I nokre bygder eksisterar det ei grense mellom uverdige og verdige trengande, denne blir lett opprettholdt når det er mykje rykter og forståelse rundt om i bygda (Haugland, 2000). Dette vil seie at det er akseptert at

nokre familiar treng hjelp, medan det er andre hjelpetrengande familiar som det ikkje er akseptert å hjelpe. Til dømes kan det råde ein forståelse av at ein familie er ukristelege og det kan skape skilje dersom norma religion er viktig i ei bygd. Dette kan føre til at denne familien blir rekna som uverdig trengande.

Jørgensen (1993) hevdar vidare at barnevernsarbeidet i små kommunar i betydeleg grad blir prega av sosialkontroll. Det kan til dømes vere vanskeleg å komme inn med førebyggande tiltak på eit tidleg nok tidspunkt. Ho påpeikar at det kan vere vanskeleg for sakshandsamarane å handle på tvers av normene og verdiane som rår i bygda. Ein av informantane til Jørgensen fortel at i høve familiar med høg posisjon i bygda så er det så å seie umogleg for barnevernet å komme inn. Ingen av sambygdingane tør å melde frå sjølv om mange veit at forholda ikkje er bra. Dette vil med andre ord seie at ein ovanfor tildømes velståande familiar og familiar med eit godt rykte ikkje grip inn sjølv om det er bekymringsverdige forhold. Dette er urovekkande og ein må spørje seg sjølv om det er ein slik barnevernstenesten ein vil ha? Uansett kor mange innbyggjarar det er i ein kommune må barnevernstenesten ha ein sjanse til å gripe inn og prøve å forbetre kvardagen til dei borna som treng det.

Kva kan ein som barnevernspedagog gjere for å verne om brukar familiene? Eva fortalte at dei pleide å vere imøtekommande dersom brukarane ville at dei skulle komme på heimebesøk slik at dei slapp å gå på sosialkontoret. Dei hadde og samtalar på kvelden eller ettermiddagen dersom brukarane ønskte det. Ho var bevisst på at nærmiljøet til dømes kjente igjen bilen hennar og kunne tenke at akkurat den familien treng hjelp av barnevernet. Det vil seie at ho og dei andre ansatte tok førehandsreglar for å verne om brukar familiene. Samstundes må vi ikkje gløyme at mykje av dette kan settast i samanheng med barnevernet sitt negative rykte. Dersom nokon har legebesøk blir det nok snakka mindre om, dette fordi å gå til legen er ein vanleg ting å gjere, medan barnevernet har ein negativ klang. Det blir jobba mykje for å betre barnevernet sitt rykte, både i kommunane og på høgare plan (Stortingsmelding 40).

I samtalar med Eva og Ola kom det ikkje fram data som kan støtte opp om uttalelsane frå informantane til Jørgensen om korleis den sosiale kontrollen kan påverke barnevernstenestens arbeid. Det kom heller ikkje fram i materialet til Haugland. På spørsmål om dei trudde det var enklare å melde til barnevernet i små kommunar, svarte informantane mine at dei ikkje trudde det var verken enklare eller vanskelegare å sende bekymringsmelding i små, tette kommunar. Eva trudde at alle kvir seg for å sende bekymrings melding til barnevernet, dette fordi det ikkje er ein positiv situasjon. Ola meinte på den andre sida at det

er kva forhold og erfaringar ein har til barnevernet som gjer til at ein melder til barnevernet eller ikkje. Med andre ord trudde han at det var fordommar mot barnevernet som kunne hindre ein i å sende ei bekymringsmelding. Kvifor verkar det som Eva og Ola ikkje har utfordringar i høve sosial kontroll i sitt arbeid? Kanskje bygdene deira er meir opne og at det er meir akseptert å söke hjelp? Har innbyggjarane større spelerom? Dette er noko eg ikkje har fått svar på, verken i samtale med Eva eller Ola.

No har eg drøfta korleis sosialkontroll i tette samfunn kan påverke både brukarane, barnevernspedagogane og korleis det kan påverke relasjonen mellom dei. Vidare skal eg greie ut om korleis overskuddsinformasjon kan påverke relasjonen mellom brukar og hjelpar i tette samfunn.

4.2 Korleis kan overskuddsinformasjon påverke forholdet mellom brukar og hjelpar i tette samfunn?

Haugland (2000) skriv at små tette samfunn ofte kan vere prega av rykter, forutinntatthet og forforståelse. Dei ansatte i barnevernet kan få fleire opplysningar om brukarane enn nødvendig, det er rett og slett unødvendig informasjon. Barnevernspedagogane får tilgang på denne informasjonen fordi dei har ulike roller, dei er til dømes både barnevernspedagogar og mor. Eksempel på unødvendig informasjon kan vere rykter om at far var utru mot mor for fem år sidan, rykter om at mange i familien til mor er uærlege eller om at familien snyltar på skatten. Dette er noko Haugland definerar som overskuddsinformasjon.

Overskuddsinformasjonen får ein barnevernspedagog til dømes av familie, vener, kollegaer og bekjente, og den kan påverke både saksgang og inntrykket av klientane. Til dømes kan det føre til at det blir vanskeleg å sortere ut relevant informasjon, det kan til slutt bli vanskeleg å stole på sine eigne vurderingar. Er alt sladderet svigermor fortalte bakgrunnen for å sette inn hjelpetiltak? Er informasjonen komen frå gode samarbeidspartnarar eller frå ei veninne? Og kva er prat og kva er informasjon? I slike situasjonar er det vanskeleg å skilje mellom de ulike rollene ein har, noko som kan skape rollekonflikter. Til dømes kan ein vere i eit selskap og ha rolla veninne, men så blir du fortalt noko om familien du arbeider med og då kan det vere vanskeleg å ”ikkje ta på seg” barnevernspedagog rolla. Den eine informanten til Haugland (2000) fortalte at over lang tid kan det bli problematisk og belastande å ha mykje kunnskap om dine sambygdingar, spesielt kan all overskuddsinformasjonen vere ei belastning. Ein må kanskje leve med rykter og snakk om at nokre born har det vondt utan å kunne gjere noko med det. For å verne om deg sjølv kan ein til dømes seie til familie og vener

at ein ikkje vil høyre alle rykta som går på bygda, noko ei av informantane til Haugland gjorde. Samstundes kan ein ikkje isolere seg frå bygda, og ein vil alltid få høyre rykter på butikken, på songøving, på fotball treninga til ungane dine eller på foreldremøte. I slike situasjonar må ein vere bevigd når ein er front-stage og back-stage, og stille spørsmål om dette er informasjon som ei kan bruke i ei sak, eller om det berre er lause rykter.

Overskuddsinformasjonen og forforståelsen i tette samfunn kan også føre til at ein har klare rolleforventningar til kvarandre. Dersom brukaren har ei negativ oppfatning av sosialarbeidaren eller sosialarbeidarens familie, kan brukaren ha sterke fordommar enn han opphavleg ville hatt ved eit møte med barnevernet. Dette vil naturligvis påverke både arbeidet og kommunikasjonen vidare (Haugland, 2000). Med andre ord kan omdømmet til ein sjølv eller familien føre til samtalen med ein brukar blir därleg.

På den andre sida kan det vere positivt å ha informasjon om familien på førehand, det blir lettare å sette inn gode tiltak og det er nyttig til dømes i hastesaker (Haugland, 2000). Dersom ein til dømes veit at ei mor er psykisk sjuk og at ein far misbruker alkohol er det lettare å førebu seg til heimebesøk og samtalar. Det kan føre til at det første møtet blir eit godt møte, noko som igjen kan føre til eit godt samarbeid mellom saksbehandlar og brukar.

Eva løyste problemet med overskuddsinformasjon med at dersom ho såg ting eller fekk urovekkande informasjon om brukarane, pleide ho å ta det opp med brukarane. Dette for å få ting opp i lyset og fordi ho meiner det er viktig at brukarane veit at ho sit inne med informasjonen. Haugland (2000) syner også at slik openheit er viktig. Ein av informantane hennar fortalte at dersom ho høyrer noko som er relevant pleier ho å ta det opp med brukarane. På denne måten er ein er aerlege mot kvarandre og det kan skape god kommunikasjon mellom brukar og barnevernspedagog. Men på den andre sida må ein kunne plukke ut kva rykter som er relevante, ein kan ikkje ta opp usanne og oppdikta rykter med brukarane.

No har eg drøfta korleis overskuddsinformasjon kan påverke relasjonen mellom brukar og hjelpar, både på ein positiv og negativ måte. Vidare skal eg greie ut om korleis nærlieiken til brukarane kan vere ei utfordring i barnevernsarbeidet i tette samfunn.

4.3 Korleis kan nærlieiken til brukarane vere ei utfordring?

Når ein er ansatt i barnevernet i ein liten kommune kan ein oppleve ein rollekompleksitet der ein må tilpasse private og profesjonelle roller. Ein kan oppleve at nokre av rollene står i motsetning til kvarandre, det vil seie at ein står i ei rollekonflikt (Haugland, 2000). Når

forholda er så tette får ein nærliek til brukarane, og det kan i mange tilfeller vere ei utfordring og er absolutt noko som kan påverke relasjonen mellom brukar og hjelpar.

Som ansatt i barnevernet i tette lokalsamfunn veit alle kven du og familien din er, og ein kan på denne måten oppleve mange rollekonflikter. Det er ikkje uvanleg at eigne barn kan gå på skule eller i klasse med ungar du arbeider med. Det kan tenkast at borna blir fortalt på skulen at du reiser rundt og tar ungar og at du er eit fryktelig menneske. I Haugland (2000) fortel ein informant at ho opplevde at hennar eiga dotter var kjærast med sonen i ein familie ho arbeidde med. Kva rolle har du då, er du mor eller sosialarbeidar? Eit anna spørsmål er om du i det heile tatt vil at dottera di skal vere kjærast med ein gut du kanskje har ei negativ oppfatning av? Dette går og den andre vegen, ungane som er i kontakt med deg profesjonelt må vite at du ikkje fortel dine eigne born om dei, at taushetsplikta gjeld uansett. Aubert (1964) påpeikar at ei konsekvens av ei slik rollekonflikt kan bli at ein endrar dei ulike rollene slik at dei lettare kan foreinast. Dersom du er ei gjestfri mor vil du kanskje vere litt avisande mot ungar og ungdommar som er i kontakt med barnevernet. Problemet er at dette kan øydelegge eit godt samarbeid og skape dårlig kommunikasjon.

I små samfunn kan ein møte på kvarandre i private samanhengar og det kan vere ubehageleg for både hjelpar og brukar. Dersom ein nyttar Goffman (1992) kan ein seie at som barnevernspedagog i eit tett samfunn er ein front-stage mykje av tida. Scena blir lokalsamfunnet, og slik eg ser det er ein off-stage når ein er heime sjå seg sjølv, eller omgitt av mennesker ein stolar på og er fortulege med. Kva kvar enkelt reknar som off-stage blir individuelt frå person til person. For barnevernspedagogen kan nærliken til brukarane vere belastande fordi ein alltid er på jobb, ein er alltid front-stage. Brukarane på den andre sida, kan føle at barnevernspedagogen får opplysningar som kan brukast mot dei og dei kan vere bekymra for om hjelparane helde taushetsplikta si. Når ein har samtale på sosialkontoret har ein klare roller som hjelpar og brukar, men utanom dette kan rollene vere uklare. Er ein barnevernspedagog eller sambygding dersom ein ser ein far kjøpe øl på butikken? Begge informantane mine meinte at det ikkje var problematisk å møte brukarane utanom arbeidstid. Dei møtte ofte brukarane på butikken og elles i lokalsamfunnet. I slike situasjonar lar dei klientane avgjere om dei skal helse eller ikkje, dersom klienten helsar gjer dei det og. Eva uttalte at ho tykkjer det er ein fordel å kunne møte gamle klientar, dette fordi ho likar å vete korleis det går med dei, dette i både positiv og negativ retning.

Nærliken til brukarane i tette samfunn kan som vist føre til rolleforventingar til rolla som barnevernspedagog. Informantane mine fortalte begge at dei var bevisst på rolla si og tenkte at dei var sosialarbeidrarar utad. Ola uttalte at omverda har visse forventningar til ei

yrkesrolle som barnevernspedagog, at ein forventar profesjonalitet og den prøvde han å leve opp til. Dette vil med andre ord seie at ein er bevisst seg sjølv og si eiga åtferd. Informantane mine problematiserte begge at det kunne vere vanskeleg å treffe brukarar i situasjonar der alkohol er inne i bildet, som til dømes på fest og liknande. Haugland (2000) sine informantar seier at sosialt arbeid i ein liten kommune er ein livsstil. Ein kan til dømes bli kontakta privat og i sosiale samanhengar av sambygdingar eller samarbeidspartnarar som er bekymra for ein familie. Kva gjer ein då? Ein burde vel helst verne mest mogeleg om privatlivet sitt, samstundes som det kan komme fram relevante opplysningar. Jørgensen (1993) sine informantar hadde eit behov for å skjerme seg, for å vere anonyme og for å ikkje møte klientar i alle mulige samanhengar, samstundes må ein vere klar over at ein ikkje kan isolere seg frå bygda.

Det er mange forventningar er retta mot rolla som barnevernspedagog i tette samfunn, særskilt mellom dobbelt rolla hjelpar og kontrollør som er ei vesentlig utfordring innanfor barnevernet.

4.4 Dobbeltrolla som hjelpar og kontrollør.

I barnevernssaker har barnevernsarbeidaren ei dobbelt-rolle, ein er både hjelpar og kontrollør. Barnevernsarbeidaren må heile tida ha klart for seg kva rolle som er den mest framtredande, og kva dei ulike rollene til dømes har å seie for fokuset i informasjonsinnhentinga og informasjonsbearbeidinga i ei barnevernssak (Hærem og Aadnesen, 2004). Som hjelpar blir det forventa at barnevernspedagogen skal gi den hjelpa som klienten sjølve ønskjer ut frå sitt eige perspektiv og nivå. Men som kontrollør og myndighet blir det forventa at barnevernspedagogen skal hjelpe eller presse klienten til å forandre seg sjølv eller situasjonen til familien (Haugland, 2000). I små samfunn blir det meir synleg og ope dersom ein saksbehandlar som har hatt ei hjelperolle går over til ei kontrollørrolle, til dømes at ein går frå ulike hjelpetiltak til ein omsorgsovertakelse. Denne dobbeltrolla kan skape forvirring og usikkerhet blant brukarar og samarbeidspartnarar, derfor er det spesielt viktig at barnevernspedagogen er klar over kva rolle ein innehavar. Med andre ord må ein vere klar over når ein er front-stage og at ein kan ha same publikum sjølv om ein har ulike opptredener og har ulike roller.

Dersom ein er tilsett i ein barnevernsteneste med få tilsette må kanskje ein eller to personar handtere alle forventningane og rollene. Det vil seie at ein person kanskje må vere både leiar, administrator, saksbehandlar, samarbeidspartnar og iverksettar av vedtak og tiltak,

med andre ord så har dei et rollesett. Samstundes må dei ofte steppe inn som støttekontakt og liknande dersom dei ikkje får oppdragstakarar til oppdraget. Både dobbeltrolla hjelpar og kontrollør, og dei andre forventningane som er retta mot det å vere barnevernspedagog i tette samfunn skapar både rollekonflikter og rollestress.

Til no i oppgåva har eg drøfta korleis sosial kontroll, overskuddsinformasjon, nærliek til brukarane og dobbeltrolla som hjelpar og kontrollør kan vere utfordringar for barnevernstenesten i små, tette samfunn. Vidare i oppgåva stiller eg spørsmålet om ein driv eit annleis barnevern i små kommunar enn i store.

5.0 ER BARNEVERNET I SMÅ KOMMUNAR ANNLEIS ENN I STORE?

Til no i oppgåva har eg hatt fokus på relasjonen mellom brukar og hjelpar når eg har drøfta kva utfordringar ein har som barnevernspedagog i små, tette samfunn. Vidare i oppgåva skal eg sjå på nokre av fysiske og ressursmessige utfordringane som dei små barnevernstenestene må hanskast med og korleis dette kan prege måten arbeidet blir utført på.

5.1 Geografiske og ressursmessige utfordringar.

I følgje Moe (1998) peikar undersøkingar på at nokre av dei største problema ein har innanfor barnevernsarbeid i små kommunar er manglande kompetanse og vanskar med å rekruttere fagpersonal, noko som fører til eit lite fagmiljø. Eit anna viktig poeng er at kommunen sin størrelse og geografi kan gjere barnevernsarbeidet meir vanskeleg. Ein kan risikere at mykje tid går vekk til reising til heimebesøk, samarbeidsmøter og liknande. Dette er utfordringar som eg skal drøfte nærmare i oppgåva.

Begge informantane mine fortalte at den største påkjenninga med å arbeide på et lite sosialkontor er at ein er ein del av eit lite team. I Jørgensen (1993) framhevar fleire av informantane at det er uforsvarlig å jobbe aleine i barnevernet, ein av informantane foreslår at det bør lovfestast at det skal vere minst to saksbehandlarar i kvar barnevernsteneste. Dette fordi ho meinat at påkjenningane er såpass store at ein bør vere fleire ansatte. Ein av informantane til Haugland (2000) fortel at det er slitsamt å vere aleine med så mykje ansvar og at kontoret har for svakt fagmiljø. Ei av Jørgensen (1993) sine informantar uttalar vidare at det er få personar å dele slitasjen på, og at det i lengda blir for tøft.

Dette viser at kvar saksbehandlar er åleine med sær mykje ansvar og ein har ofte ingen å drøfte med, eller ingen til å dele utfordringar eller kunnskap med. I følgje Jørgensen (1993) seier undersøkingar at sjølv om mange av informantane har lang erfaring innanfor barnevernet blir dei ikkje sikrare i yrkesutøvelsen med åra. Dei blir tvert i mot meir usikre og meir sensitive. Dette kan ein sette i samanheng med at dei ikkje har eit større fagmiljø å støtte seg på. Eva påpeikte at ein måtte vere flink til å nytte støtteapparatet og samarbeidspartnar rundt barnevernet. Døme på det kan vere barne og ungdoms psykiatrisk poliklinikk (BUP), barne-ungdom og familie etaten (BUF etat), og helsestøster i kommunen.

Ei problemstilling informantane mine trakk fram var at å reise på veiledning og møter utanfor kommunen kunne føre med seg mykje reising og planlegging. Ein kan ikkje sjå vekk ifrå at mange kommunar i Noreg er utkant kommunar som ligg vanskeleg til geografisk sett. Lichtwark og Clifford (1996) påpeiker at i utkantkommunane blir ofte samarbeidet innan barnevernet i hovudsak knytta til instansar som geografisk er plassert i sentrum i kommunen. Dette vil seie at små skular og barnehagar utanfor sentrum ofte ikkje samarbeider så mykje med barnevernet, då på grunn av kommunikasjons og tidsmessige faktorar. Geografiske avstandar kan lett bli tersklar som er vanskelege å krysse både i høve brukarar og samarbeidspartnar (Jørgensen, 1993). Dette er tunge utfordringar som i verste fall fører til at ein ikkje utfører arbeidet sitt på best mogeleg måte. Kanskje vel ein lettvinde løysingar eller ein må ta til takke med det ofte dårlige utbygde behandlingssystemet i små kommunar. Dette fordi lange reiser tar mykje tid og ressursar, som ein kunne brukt til andre oppgåver. Informantane mine trakk vidare fram at små barnevernstenestar var sårbare og personavhengige organisasjonar. Ein er til dømes veldig sårbar i høve sjukemeldingar, ein er avhengig av dei få som arbeider på kontoret.

Utfordringane og problemstillingane for barnevernet i små kommunar som eg har drøfta i dette kapittelet fører til stort ansvar og press på sakshandsamarane. Stor slitasje og tungt ansvar på dei ansatte kan føre til gjennomtrekk i stillingane som ansatte i barnevernet i små kommunar (Haugland, 2000). Dette fører igjen til lite stabilitet og forutsigbarhet, noko som er svært negativt for brukarane. Ein bruker lang tid på å bli godt kjent med brukarane og sakene deira, og derfor ville det vere sær mykje uheldig dersom ein familie får ein ny sakshandsamar kvart år.

Til no har eg synt korleis dei relasjonelle utfordringane er annleis i dette samfunn, og fått fram dei fysiske og resurmessige avgrensingane for dei små kommunane. Eg vil no vidare drøfte korleis det å jobbe under slike forhold kan gjere barnevernspedagogar til generalistar.

5.2 Spesialist eller generalist?

Begge informantane mine uttalte i intervjuet at ein jobba annleis innanfor barnevernet i små kommunar. For å analysere og drøfte denne påstanden skal eg bruke begrepsparet spesialist og generalist. Som vist har dei små barnevernstenestene færre ansatte og mindre grad av spesialisering enn i dei større kommunane, det betyr at sosialarbeidaren blir ein generalist som må arbeide med eit heilt spekter av saker og oppgåver. Det vil med andre ord seie at ein må arbeide med alle dei ulike sakene som dukkar opp. Dei ansatte i generalist barnevernstenesten må ha kunnskap om mykje fordi dei kan komme bort i mange ulike problemstillingar. På den andre sida blir barnevernstenesten i større kommunar spesialistar (Jørgensen, 1993). Sidan dei er fleire ansatte har dei muligheten til å fordjupe eller konsentrere seg om nokre typar saker, ein kan til dømes opparbeide seg spesialkompetanse på området adopsjon. Det er og lettare for barnevernspedagogen i større kommunar å delta på kurs og seminar om aktuelle tema.

Eva, den eine informanten min, trakk fram at ein i små, generalistkommunar kan jobbe ilag med brukarane på ein anna måte enn i store kommunar, sidan dei har færre brukarar. Ho uttalte vidare at dersom ein av familiene dei arbeider med kjem i ein krisesituasjon kan ein sette alt anna side og fokusere på å hjelpe akkurat den familien. Det kan ein ikkje i større kommunar fordi det er fleire brukar familiar og langt fleire krisesituasjoner. Ola påpeikte at han som ansatt i ein liten kommune fekk muligheten til å utføre alle oppgåvene sjølv, han følte at det gjorde til at han fekk kompetanse og kunnskap på ulike områder. Ein kan med andre ord seie at han såg det positive i å arbeide i ein generalist barnevernsteneste. Han fortalte at han har arbeid i store bykommunar tidlegare og der måtte dei prioritere akuttsakene, dette førte til at ein fekk svært lite tid til å utføre andre oppgåver og at ein aldri fekk fornya kunnskapen sin.

Ola trur at ein arbeider annleis fordi ein har ei forankring i lokalsamfunnet og har kompetanse om lokalmiljøet og nettverk. Ein blir til dømes flinkare til å nytte seg av lokale tiltak og lokalsamfunnet har mykje større nærhet til barnevernet. Sosialarbeidaren får nokre kontaktar blant samarbeidspartane som er lett å kontakte for å diskutere saker og samarbeide med. Dette vil seie at ein snur utfordringar knytt til roller og om til noko positivt. Det er også mykje lettare å rekruttere personar til å vere besøksheim, støttekontakt og lignande, fordi ein veit kven som har ressursar i lokalmiljøet og kven som bør kontaktast. Med andre ord har ein positiv overskuddsinformasjon. Denne informasjonen kan og gjere sitt til at ein driv barnevern

på ein annleis måte, og at ein nyttar seg meir av lokale og heilsakplege tiltak. Det kan til dømes vere ein besøksheim i bygda som heile brukar familien har tillitt til, og som kanskje kan vere ein ressurs for både barna og foreldra. Det vil seie ein familie som ein har positive rolleforventningar til.

Eva meinte at når barnevernstenesten hadde få ansatte arbeidde ein mindre systematisk. Dette fordi ein kan bli fagleg utrygg når ein arbeider aleine, ein maktar ikkje å oppdatere seg på alt. Å ha ei fylkesnemnd sak blir til dømes noko ein kvir seg mykje til. Ei fylkesnemnd sak vil seie at barnevernet krev omsorgsovertakelse i høve eit barn og denne saka må opp i ei fylkesnemnd. Å skrive ei fylkesnemndsak og ikkje minst å ha saka i fylkesnemnda er omfattande og resurskrevjande arbeid, å gjere dette arbeidet aleine utan nokon å støtte seg på kan vere belastande. Eva uttalte at eit sosialkontor med ein eller to ansatte heller ikkje har alle erfaringane og kunnskapen som det er ønskeleg at ein skal ha for å arbeide innanfor barnevernet. Jørgensen (1993) sine funn syner også dette og ho skriv at fagmiljøa er små og at dei som regel har få saker og kvart slag. Dette kan føre til at barnevernspedagogane er gode på hjelpetiltak, men ikkje har kompetanse eller rutine på omsorgsovertakelsar.

På bakgrunn av litteraturen og data frå mine informantar ser ein at det er både fordeler og ulemper med generalist sosialkontora. Fordelane er absolutt at ein er kjent i lokalmiljøet, at ein har nyttig førehandskunnskap, og sist men ikkje minst at ein kan jobbe mykje tettare og nærmare på brukaren. Ulempene er då at ein er få ansatte, og har færre å diskutere og drøfte saker med, noko som igjen kan føre til fagleg einsemd. Samstundes blir ein utsett for rollekonflikter og andre påkjenningar med å bu i eit lite, tett samfunn, noko eg har drøfta tidlegare i oppgåva.

Begge mine informantar fortalte at dei i hovudsak tykkjer det er positivt å arbeide i barnevernstenesten i små kommunar, dei fortel lite om ulemper og utfordringar. Dette i motsetning til materialet til både Jørgensen og Haugland, der informantane fokuserer mykje på utfordringar og problemstillingar. Kva kan dette komme av? Korleis kan nokon finne det positivt, trass i alle utfordringane og problema? For det første meinar eg at det kjem an på kva erfaringar og opplevingar ein har. Både Ola og Eva har mange positive erfaringar som skuggar over det negative. Det kan vere ein ikkje har opplevd rollekonflikter eller følt seg synleg i lokalsamfunnet på negativ måte. For det andre kan mykje settast i samanheng med kommunane sin økonomi og ressursar. Kor mange ansatte er ein? Kor stort press ligg det på kvar enkelt sakshandsamar? Dersom ein er fleire ansatte og har nok ressursar vil nok arbeidet i den generaliserte barnevernstenesten vere enklare. Ein annan ting er at både Eva og Ola

arbeider i kommunar som ligg nært eit bysentrum, dette vil seie at det er nær veg til både BUP, BUF etat, veiledning og likande. På denne måten kan dei fort soke hjelp og meir kompetanse dersom dei treng det.

Men kva kan ein gjere for å løyse nokre av utfordringane for dei små, generelle barnevernstenestene? Kva kan kommunane gjere for å gi brukarane i dei små, tette samfunna eit betre tilbod? Eg har til no hatt fokus på utfordringane til barnevernstenestene i små lokal samfunn, og eg vil vidare drøfte ulike løysningar på utfordringane og problemstillingane til barnevernstenestene i små, tette samfunn.

6.0 KORLEIS KAN EIN LØYSE NOKRE AV UTFORDRINGANE BARNEVERNSTENESTANE STÅR OVANFOR?

Gjennom heile oppgåva har eg drøfta kva utfordringar barnevernet har i små, tette lokalsamfunn. Sosialkontroll, nærleik med brukarane og overskuddsinformasjon er store utfordringar som blir til gjennom å leve i tett interaksjon med brukarane. Vidare har eg sett på geografiske og resursmessige utfordringar som fagleg einsomhet og det å vere geografisk isolert. Avslutningsvis skal eg sjå på kva måtar ein kan løyse nokre av desse utfordringane. I oppgåva har eg valt å fokusere på korleis organisering av barnevernstenesten kan vere ein faktor som kan føre til færre utfordringar for barnevernstenestene i små kommunar.

6.1 Omorganisering av barnevernstenesten.

I dei seinare år er det i Noreg innleia ei omfattande modernisering og oppdatering av barnevernet. Sjølv om det er ei positiv utvikling i barnevernet er det framleis mange felt der barnevernet kan bli enda dyktigare. For det første kjem barnevernet ofte for seint inn til å yte den hjelpa utsette barn og deira familiar har behov for. Vidare fungerar ofte samarbeidet med andre etatar og tenester for därleg. Måla for barnevernet i framtida er mange, men nokre av dei er at barnevernet skal ha høg kompetanse på førebyggande familiearbeit og komme inn tidlegare med tiltak til utsette barn og familiar. I dei fleste tilfeller der det er aktuelt å kople inn barnevernet, vil det å hjelpe familien også vere den beste hjelpa barnet kan få (Stortingsmelding 40). Desse måla gjeld i like stor grad for barnevernet i små kommunar som i store. Eg vil her påpeike at barnevernet i små kommunar har andre utfordringar enn dei nære relasjoner med brukarane og geografiske avstandar kan skape. Oppdateringa innanfor

barnevernet og fokuset på dette har ført til at dei kommunale barnevernstenestene vil endre seg.

Lichtwark og Clifford (1996) ser at utviklinga av barnevernet i dei mindre kommunane er noko anna enn utviklinga i dei meir urbane og store kommunane. Ein kan sjå at det er få mindre kommunar som gjennomfører radikale omorganiseringar. Døme på slike omorganiseringar kan vere å slå barnevernstenesten saman med pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) og helsestøster. Det kan vere mange grunner til at det ikkje blir gjennomført så mange omorganiseringar i dei små kommunane. Dersom det til dømes ikkje er utskiftingar i personalet i kommunen kan det føre til at kommunen fortsetter med ei tradisjonell organisering. Kommunen har kanskje ikkje ressursar til ei omorganisering, det kan og vere at dei føler at dei ikkje har nok kompetanse til å gjennomføre endringar. Sjølv om det kanskje skjer mindre omorganiseringar innanfor barnevernet i dei små kommunane eksisterar det mange ulike samarbeidsordningar innanfor barnevernet, både interkommunale og tverrfaglege. Spørsmåla om korleis kommunane skal organiserast og kva verksemda skal innehalde er i større grad enn før overlatt til kommunane. No skal eg vidare i oppgåva sjå på korleis kommunane til Eva og Ola har valt å organisere barneverstenesten.

6.1 Interkommunale samarbeid.

Olsen (1996) påpeikar at små kommunar har vanskar med å bygge opp erfaring og ekspertise i barnevernet. Det er små enheter og et lite antall av dei store og vanskelege sakene, dette er og noko informantane mine påpeikar. Vidare seier Jørgensen (1996) at dei kommunale barnevernstenestane i dei små kommunane ikkje er i stand til å ivareta alle dei ulike oppgåvene i barnevernet i tilstrekkelig grad. Det vil då vere nærliggande å tenke i retning interkommunalt samarbeid, både i forhold til fagutvikling og veiledning.

Eva er nestleiar i ei interkommunal barnevernsteneste som består av fire kommunar og barnevernet har seks ansatte. Den interkommunale barnevernstenesten har ein leiar og ein nestleiar, medan dei andre ansatte er saksbehandlarar. Dei ansatte har kvar sine saker og bekymringsmeldingar blir tatt i mot av leiar eller nestleiar og deretter fordelt. Dette vil med andre ord seie at desse kommunane har valt å slå barnevernstenestane fullstendig saman, og dei er no ei eining. Eva fortel om ein enklare kvardag der ein er ein del av eit større team som kan sitte med felles ansvar. Ein har større muligheter til å spesialisere seg og ein har meir erfaring og kunnskap å ta av.

Interkommunalt samarbeid vil kunne føre til færre forventningar retta mot barnevernspedagog rolla, ein kan med andre ord redusere rollestresset. Ein kan fordele dei ulike rollene til barnevernspedagogen på fleire personar så ein person slepp å ta alle rollene sjølv. Det vil og kunne bli enklare å handtere hjelpe og kontrollør rolla til barnevernet, til dømes ved at ein annan saksbehandlar kan ta over ei sak dersom barnevernet har gått inn i kontrollørrolla. Sidan ein blir ein del av eit større team vil ein og kunne forhindre dei største rollekonfliktene. Dersom det er ei barnevernssak som gjeld naboane dine eller ein familie der ungane er bestevennar med dine egne ungar, kan til dømes ein saksbehandlar frå nabokommunen ta denne saka.

Eit interkommunalt samarbeid løyser ikkje alle problem, men ein kan få ei gunstig utvikling for einingar som er for små til å utvikle eigne kompetanse ved å slå dei saman. Dette har skjedd i Eva sitt tilfelle, der dei i følgje Eva har blitt ei faglegare sterkeare eining. Om ein skal sikre ei god utvikling for eit komplisert felt som barnevernet er det nødvendig med ein viss størrelse, dermed kan ein via interkommunalt samarbeid auke kompetansen og kunnskapen (Olsen, 1996).

Sjølv om ein vel å gjennomføre interkommunale samarbeid må ein halde på det som er positivt med barnevernet i små kommunar. Ein må ikkje miste den lokale kontakten og den positive, og ein må fortsatt kunne velje lokale løysningar. Til dømes må ein framleis kunne kontakte ressurspersonar i lokalmiljøet til å vere støttekontakt eller besøksheim.

Det fins fleire interkommunale samarbeidsløysningar enn den Eva har på sin arbeidsplass. Enkelte regionar har eit interkommunalt barnevernsteam som går inn i enkeltsaker når kommunane ber om bistand og gir veiledning til dei ansatte. Det interkommunale barnevernsteamet vil vere eit forum for faglege diskusjonar, og det blir regelmessig arrangert prosjektsamlingar og seminar (Moe, 1998).

Eva trur at interkommunalt samarbeid er framtida for dei små kommunane, medan Ola er ueinig i dette. Han er bekymra for at dei lokale barnevernstenestene vil miste den lokale forankringa og lokalkompetansen sin dersom ein blir ein av interkommunale samarbeid. Dette kan føre til at ein nyttar seg mindre av dei lokale løysningane som er så viktige for barnevernet i dei små kommunane. Han er på den andre sida svært positiv til samlokalisering med andre helse og sosialtenester som helsestasjon og sosialkontor.

6.2 Samlokalisering.

I det store fleirtalet av kommunar med færre innbyggjarar enn 15000 er barnevernstenestene organisert ved sosialkontoret (Lichtwark og Clifford, 1996). Begge informantane mine meinte at det var lettare å få til eit godt samarbeid når tenenstene var under same tak. Samkjøring med helsestasjon og sosialkontor fører til at dei ulike yrkesgruppene ser meir til kvarandre og at det kan bli enklare å ta kontakt og drøfte saker. Eva fortalte at då barnevernstenesten i hennar kommune var samlokalisert med helsestasjonen glei samarbeidet mykje lettare enn når dei no har kontor i kvar sine hus.

Barnevernstenesten i dei små kommunane har gode forutsetningar for å kunne bygge opp ein kompetanse i samarbeid med andre instansar i eigen kommune. Dette fordi det i små kommunar er færre hindringar mellom etatane, det er få fagpersonar i kvar etat og kontora ligg ofte ikkje så langt ifrå kvarandre (Jørgensen, 1996). Ved samlokalisering får ein samla kompetanse frå ulike etatar på ein stad.

I Ola sin kommune er barnevernet samlokalisert med sosialkontoret. Ola tenkjer at ein gjennom samlokalisering og tverrfagleg samarbeid får til eit betre samarbeid på tvers av etatane og at ein får heilskaplege løysningar. Etter mitt syn er nok det viktigaste at det fører til eit større fag miljø der ein har meir kompetanse og erfaringar. Samlokaliseringar kan og gjere det enklare for brukaren ved at dei kan gå på eit kontor for å få fleire tjenester og tilbod.

Interkommunalt samarbeid og samlokalisering kan etter mi meining løyse mange av utfordringane for barnevernstenesten i dei tette samfunna. Den viktigaste fordelen for begge måtane å organisere på er at ein blir fleire ansatte og får eit større forum der ein kan diskutere og drøfte ulike problemstillingar. Dette vil kunne førebygge fagleg einsomhet, noko som igjen vil gjere barnevernspedagogen mykje sikrare på avgjerslene som blir gjort. Det vil kunne auke trivselen blant dei ansatte og kanskje hindre gjennomtrekk av nye ansatte.

Dersom ein greier å behalde dei positive fordelane med barnevernet i små kommunar, og samstundes redusere utfordringane for dei ansatte, vil interkommunale samarbeid og samlokalisering med andre etatar i kommunen vere den riktige vegen å gå.

7.0 OPPSUMERANDE KOMMENTAR.

I denne oppgåva har eg drøfta dei ulike utfordringane som barnevernet i små kommunar kan stå ovanfor og korleis ein kan løyse desse utfordringane. For å løyse denne problemstillinga har eg nytta meg av eit interaksjonistisk perspektiv og brukt teori om roller og rollekonflikter.

I oppgåva har eg valt å både legge vekt på nokre utfordringar som blir skapt gjennom relasjonar i det tette samfunnet, og nokre av dei geografiske og ressursmessige utfordringane.

Utfordringar som blir skapt gjennom den tette relasjonen i dei små kommunane og som vil prege både barnevernsarbeidet og brukarane, er den tette relasjonen mellom brukarar og hjelparar, og alle rykta og forforståelsen som eksisterar. Andre utfordringar er den sosiale kontrollen og at det blir vanskelegare å skilje mellom barnevernet si dobbelt rolle som hjelpar og kontrollør. Når ein møter på problemstillingar i høve utfordringar som dette må ein vere bevisst på kva rolle ein innehavar og at det kan oppstå rollekonflikter eller rollestress.

Nokre av dei ressursmessige og geografiske utfordringar ein kan møte på innanfor barnevernet i små kommunar er at ein arbeider i små team, og at store avstandar kan vanskeliggjere veiledning og møter. Alle utfordringane, både dei relasjonelle og meir konkrete, fører til at barnevernet arbeider annleis i små kommunar enn i dei store. I dei små kommunane blir dei generalistar, medan ein blir spesialistar i dei store kommunane. I dei større kommunane har ein fleire ansatte og ein møter på eit større spekter av saker noko som gir ein muligheten til å spesialisere seg på nokre problemstillingar. Ein kan til dømes seie at sidan du har opparbeida deg god kompetanse på adopsjon, kan du ta dei fleste sakene på dette området. Dette har ein ikkje høve til i dei små kommunane, fordi ein er få ansatte må ein ha kunnskap om mykje forskjellig og arbeide med alle sakene som dukkar opp. Ein blir då generalistar.

Kva løysningar kan ein gjennomføre for å løyse nokre av desse utfordringane?

Informantane mine Eva og Ola arbeidar i kommunar som har organisert barnevernstenesten på ulike måtar for å løyse nokre av utfordringane. Eva arbeider i ein interkommunal barnevernsteneste, medan Ola sin kommune har valt å samkøyre sosialtenesten og barnevernstenesten. Den største fordelen er at ein får fleire kollegaar å drøfte og diskutere problemstillingar med. Uansett kva løysning ein vel er det viktigaste at ein må halde fast på fordelane ved barnevernsarbeid i små kommunar, det at ein har god kunnskap om lokalsamfunnet og kan ta i bruk lokale løysningar.

Sjølv det er mange utfordringar var informantane mine mest positive til å arbeide innanfor barnevernet. Fordelane dei opplevde var at ein kjem nær brukarane, at ein har muligheten til å velje lokale løysningar, og at ein har god kunnskap om lokalsamfunnet. Det dei påpeikte som utfordrande var først og fremst det å vere få ansatte. At det er få kollegaar til å drøfte saker med, og til å dele erfaringar og kunnskap med.

Eg trur at det er mange fordelar med å arbeide innanfor barnevernet i små kommunar, og at desse fordelane ville komme betre tilsynе dersom ein kunne redusere og gjerne løyse

nokre av utfordringane dei ansatte står ovanfor. Med utvida samarbeid med andre instansar og kommunar vil ein kanskje kunne løyse nokre av utfordringane og skape ein betre arbeidskvardag for dei ansatte.

LITTERATURLISTE.

Aubert, Vilhelm (1964). *Sosiologi*. Oslo, Universitetsforlaget.

Christie, Nils (2 utgåve, 1982). *Hvor tett et samfunn?* Oslo, Universitetsforlaget.

Dalland, Olav (3 utgåve, 2000). *Metode og oppgave skriving for studenter*. Oslo, Gyldendal akademiske.

Goffman, Erving (ny utgåve, 1992). *Vårt rollespill til daglig, en studie i hverdagslivets dramatikk*. Oslo, Pax forlag.

Halvorsen, Knut (2 opplag, 2004). *Forskningsmetode for helse og sosialfag, en innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo, Cappelen Akademiske Forlag.

Haugland, Randi (2000). *Kommuneheks på slak linje, om barnevern i små kommunar*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.

Hærød, Eva og Aadnesen, Bente Nes (2004). *Barnevernets undersøkelse*. Oslo, Universitetsforlaget.

Jørgensen, Grethe (1996). "Her hos oss har vi ingen barnevernssaker...". Hovudoppgåve i sosialt arbeid, Universitet i Trondheim, NTNU.

Kvale, Steinar (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo, Add Notam Gyldendal.

Levin, Irene og Trost, Jan (2005). *Hverdagsliv og samhandling, med et symbolsk interaksjonistisk perspektiv*. Bergen, Fagbokforlaget.

Lichtwark, Willy og Clifford, Graham (1996). *Samarbeid i barnevernet; ideologi, endring og konflikt*. TANO

Moe, Anne (1998). *Barnevern i små kommuner: mellom toleranse og tilsløring*. Embla nr 4/1998, 26-33.

Olsen, Eirik (1996). *Interkommunalt samarbeid – en mulighet for de små kommunene?* Noregs barnevern nr 1/1996, 12-17.

Schiffløe, Per Morten (2003). *Mennesker og samfunn; innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen, Fagbokforlaget.

Stortingsmelding nr 40, om barne og ungdomsvernet, 2001-2002.

Verland, Jarmund (1998). *Barnevern i små og store kommuner- i tette og løse samfunn.*
Hovudfagsoppgåve i sosiologi, institutt for sosiologi, Universitetet i Oslo.

Wadel, Cato (1991). *Feltarbeid i egen kultur.* Flekkefjord, SEEK A/S.

<http://www.ssb.no/emner/02/01/10/folkemengde/tab-2006-02-23-15.html> Fredag 12 januar
07, kl 15.10.